

Gode utsikter til breiband i dalen?

10.04.2008

I siste formannskapsmøte kom det nye, positive signal i saka om å få breibandtilbod også i fire ”kvite” område i Kvinnherad. Området i øvre del av Uskedalen er eitt av dei.

Rådmann Trond Sætereng opplyste at det har vore anbudsopning denne veka og at det skal forhandlast vidare om ein mogeleg avtale med Telenor og eit anna landsdekkjande firma som heiter Direct Connect. Samstundes opplyste han at anbodet frå Kvinnherad Breiband ikkje var opna fordi det ikkje var utarbeidd på forskriftsmessig vis.

- Eg trur at vi framleis vil bli utfordra på den økonomiske sida. Tidlegare har formannskapet uttala at dette ikkje er noko kommunal oppgåve, men det er mogleg at det ikkje er nokon annan utveg, sa rådmannen.

Knut Prestnes (Sp) minna om at det er løyvd åtte millionar i øyremerka kompensasjonsmidlar til dette føremålet i Hordaland fylke.

- Også Kvinnherad vil få pengar frå denne potten, men fordelinga er enno ikkje behandla i fylkesutvalet, sa Prestnes.

Rådmannen var merksam på denne løyvinga som kanskje vil løysa problemet. Førebels har fylkeskommunen løyvd inntil 50 prosent til anlegga og Kvinnherad har så langt fått tilsegn om 1,7 millionar,

- Hvis kompensasjonsmidlane kan bidra til resten er det positivt, sa rådmannen.

Av Ola Matti Mathisen